

**Notat**

Dato: 19.01.2017  
Arkivsak: 2016/9382-26  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Orientering vedr. fylkeseldrerådet sin uttale til fylkestinget om Den kulturelle spaserstokken**

Fylkeseldrerådet vedtok i rådsmøte 8. desember 2016 følgjande uttale til fylkestinget sitt møte 13.-14. desember 2016. Uttalen blei framført av eldrerådsmedlem Synnøve Solbakken, som og er medlem av fylkestinget:

"Hordaland fylkeseldreråd ser det som ei gledeleg utvikling at ALLE kommunar i fylket har søkt om midlar frå tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken i 2016. Dette vitnar om at det er stort behov for kulturelle kvalitetstilbod for eldre i kommunane, og at dei arrangement som har vore gjennomførde til no har betyr mykje for livskvaliteten hjå eldre. Staten løyvd 3 mill kr i øyremerka midlar til Den kulturelle spaserstokken i Hordaland for 2016, medan kommunane samla har søkt om nær 4,9 mill kr. Behovet er m.a.o. aukande. Fylkeseldrerådet har i sin handlingsplan for dei neste tre åra sett som mål å arbeida for at Staten aukar tilskotsramma for Den kulturelle spaserstokken. Rådet ber difor om at Fylkestinget og fylkesadministrasjonen følgjer dette opp i sitt arbeid og dialog med sentrale styresmakter for dei komande budsjettåra."

----

Synnøve Solbakken vil orientere i møtet.